

## **Varmt atlantehavsvatn viktig for klimaet**

Det er ei kjend sak at havet, med si store evne til å lagre varme, spelar ei avgjerande rolle for klimaet på jorda. I denne samanhangen er utvekslinga av vatn mellom Atlantehavet og Polhavet særst viktig. VEINS-prosjektet er eit stort europeisk samarbeidsprosjekt med 18 deltakande institusjonar som har som mål å finne kor mykje vatn som strøymer ut mellom Nordatlanten og Polhavet. Havforskningsinstituttet koordinerer den delen av VEINS som undersøker den norske Atlantehavsstraumen opp langs kysten av Noreg og inn i Barentshavet, og har ansvaret for å studere innstrøyminga til Barentshavet mellom fastlandet og Bjørnøya.